

## Valet og konsekvensane

Alhadj kjem frå ein av byane misjonen i Mali har jobba i lenge. Onkelen hans er den viktigaste Koranlæraren i byen, og sidan han var born studerte Alhadj Koranen saman med andre unge gutar hjå onkelen sin. Blant alle barndomsvenane til Alhadj er det éin som har vorte kristen. I fleire år har dei to unge menna nytta ledige stunder til å snakka saman om tru, om islam sin veg og om Jesus sin veg. Kva er sant? Kva er rett? Kvifor seier dei kristne at Jesus er Guds Son? Kva er dei kristne sitt forhold til svinekjøt og alkohol? Kvifor kan ikkje dei kristne akseptera Muhammed som profet når muslimar godtar at Jesus var ein profet? Kva openberring kjem eigentleg frå Gud? Kven kan leia oss til Gud og berga oss gjennom døden?

Gjennom samtalane med sin kristne ven har Alhadj litt etter litt komen til å tru at Jesus Kristus er svaret på det siste spørsmålet, og også til å tvila på mange av dei tinga han lærte hjå onkelen sin då han var ung.

Til sist fekk Alhadj eit ultimatum frå foreldra sine: anten må du slutta denne flørten med den kristne trua, eller så får du ikkje bu hjå oss lenger, og me avbryt også prosessen med å finna ei kone til deg. Det var eit vanskeleg val som vart tvinga på ein ung mann. Etter nokre dagar tok han med seg symaskina si, som han tener til livets opphald med, og flytta heimafrå. Nokre veker seinare, våren 2016, var han med barndomsvenen sin på kristen gudsteneste for første gang. No er han trufast deltakar på gudsteneste i ein av dei små fulanitalande kyrkjelydane som misjonen har starta i Mali. Nyttårshelga deltok han på den første kristne ungdomsleiren for fulanitalande i Mali, og fortalte vitnesbyrdet sitt framfor dei førtitals ungdommane som var samla.

Alhadj hald kontakt med familien sin på telefon. Etter nokre månader som utstøtt opplevde han det same som enkelte andre kristne fulaniar har gjort: relasjonen med familien vart gjenoppretta, og han fekk lov å koma heim att, sjølv om han framleis meiner at det er på Jesus sin veg mennesket finn frelse.